

# MØTEBOK

<b>Organ</b>	Vestlandsrådet
<b>Møtestad</b>	Rica Sunnfjord Hotel, Førde
<b>Møtedato</b>	22.04.2005
<b>Kl.</b>	0900 - 1300

**Faste medlemer til stades:**

Nils R. Sandal (S og Fj – Sp)  
Hilde Kvamsås Aa ( S og Fj – SV)  
Tor Bremer (S og Fj – A)  
Roald G. Bergsaker (R – H)  
Eirin Kristin Sund (R – A)  
Klara Tveit ( R – SV)  
Mette Holmefjord Olsen ( H – SV)  
Jan Magne Dahle (M og R – SV)  
Olav Bratland (M og R – H)

**Forfall til møtet:**

Mathias Raheim (S og Fj – H)  
Liv Signe Navarsete (S og Fj – Sp)  
Ola Ingvaldstad (R- Frp.)  
Odd Arild Kvaløy (R- Sp)  
Torill Selsvold Nyborg (H – Krf.)  
Tom-Christer Nilsen ( H- H)  
Gisle Handeland ( H- A)  
Terje Søviknes (H- Frp.)  
Jon Aasen ( M og R – A)  
Inger Hanekamhaug (M og R – Frp)  
Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)

**Varamedlemer til stades:**

Liv Henjum (S og Fj. – V)  
Erling Sande (S og Fj. – SP)  
Solveig Kolnes (R – Frp)  
Joril Christensen (H – A)  
Rolf Bergmann ( M og R – Frp)  
Torill Melheim Strand (M og R – A)  
Ragnhild Aarflot Kalland  
Det møtte ikke varamedlemmer for Odd Arild Kvaløy, Torill Selsvold Nyborg, Tom-Christer Nilsen og Terje Søviknes

**Andre til stades:**

Fylkesplansjef Geir J. Göncz, Møre og Romsdal  
Fylkesrådmann Liv Fredriksen, Rogaland  
Fylkesrådmann Paul Nilsen, Hordaland

Fylkesrådmann Per Drageset, Sogn og Fjordane

**Sekretariat for møtet:** Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebøkene fra 04.03.05 og 14.03.05 vart godkjende utan merknader.

**Meldingar - Vestlandsrådet**

Periode: 4. mars 2005 – 22. april 2005

Nr	Arkivsak	Referanseittel
----	----------	----------------

22/05 05/00047 Internasjonalt engasjement mellom folkevald på Vestlandet

23/05 05/00005 Deltaking i AquaNor i 2005

Representanten Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt framlegg til oversendingsvedtak:

"Vestlandsrådet ønskjer å støtta forskingsmiljø og innovative verksemder som er aktuelle utstillarar på fellesstand for Vestlandsfylka på AquaNor-messa 2005. Vestlandsrådet gjev rådsleiaren fullmakt til å disponera inntil kr 100.000.- til dette føremålet."

Framlegget frå representanten Mette Holmefjord Olsen vart samrøystes vedteke.

24/05 05/00031 Kommunikasjonsstrategi for Vest 39

25/05 05/00006 Møteavvikling og konferansar hausten 2005

26/05 05/00043 Søknad om støtte til avslutning av Havdoméneprosjektet i 2005

27/05 05/00022 Kontakt om Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag - Fiskeri

**SAK 0022/05****Strategi for nye oppdrettsartar på Vestlandet  
Innspel til Stortingsmelding nr. 19: Marin næringsutvikling****VEDTAK:**

Med bakgrunn i vedtaket i Vestlandsrådet i sak 5/05 om å utvikle ein strategisk handlingsplan for næringsutvikling innan nye marine artar ("Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar"), har vi sett på føringane i Stortingsmelding nr. 19. På grunnlag av dette trekk vi fram følgjande:

- 1 Det er svært positivt at regjeringa nå tek til orde for å sette marin næringsutvikling på dagsordenen. Vestlandsrådet er nøgd med at departementet har merka seg regionen sitt arbeid med "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" og at dette er referert i eigen boks (3.1) i Stortingsmeldinga.
- 2 Vestlandsrådet vil understreka at ein treng ei tung og langsiktig nasjonal satsing for å realisere potensialet som ligg i marin verdiskaping. Det er difor viktig at stortingsmeldinga vert følgt opp i vidare handling og tiltak. Det er også viktig å satse monaleg økonomisk.

Nye marine artar har eit særleg potensiale i så måte. Vestlandsrådet har gjennom "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" satsa på å realisere verdiskapingspotensialet som ligg i nye marine artar, der vi ser at vi har regionale føremoner. Vi ønskjer å arbeide for at regionen får status som pilotregion i utviklinga av nye marine artar i oppdrett. I tidlegare vedtak har ein lagt opp til å arbeide med finansiering og forsking og utvikling (FoU). Vi vil i samband med dette sjá på koordinering og samordning av offentlege verkemidlar som kan nyttast til å styrke denne næringa. I dette ligg at regionen sjølv skal definere kva satsingsområde midlane skal nyttast på, og korleis dei vert nytta. Eit slikt pilotprosjekt vil gje meir styring regionalt m.o.t. lokale og regionale føremón.

- 3 Marint Innovasjonsprogram:
  - A: Vestlandsrådet ynskjer å ta aktiv del i utviklinga av innovasjonsprogrammet som er omtala i Stortingsmelding nr. 19, og ser denne deltakinga som eit viktig innspel til ei betre samhandling mellom regionalt og statleg nivå, i tråd med tidlegare signal frå Fiskeri- og kystdepartementet.
  - B: Vestlandsrådet meiner at innovasjonsprogrammet må ha klare føringar om meir regional styring m.o.t. verkemidlar, prioriteringar og satsing på regionale føremón.
  - C: Vestlandsrådet meiner at eit innovasjonsprogram må ha eit langsiktig mål på 10 - 15 år. I dette ligg at programmet har ei slagkraft som gjer at ein set seg i stand til å utvikle både nye arter og nye verksemder.
  - D: Innovasjonsprogrammet må ha fokus på verdiskaping i heile verdikjeda.

E: Vestlandsrådet ser at eit Marint Innovasjonsprogram er ein viktig strategi for utviklinga av nye marine artar, og vil at dette vert følgt opp gjennom auka økonomiske tildelinga til dette programmet.

**4 Såkornfond:**

Vestlandsrådet vil arbeide aktivt for at dei to statlege såkornfonda, plassert i Stavanger og Bergen, i større grad rettar sin verksemd inn mot Marin sektor.

**5 Tilrettelegging av areal:**

Vestlandsfylka har gjennom oppstart av arbeidet med Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar sett trong for utvikling av verktøy og metodar for kunnskapsbasert planlegging og optimal lokalisering av anlegg for å kunne utnytte potensiale i kystområda til ein variert og mangfaldig akvakulturnærings. Utvikling av GIS-verktøy på Vestlandet vil vere eigna som nasjonale pilotprosjekt, som når dei er utvikla, kan takast i bruk også i andre regionar.

**SAK 0023/05**

**Lokalisering av vindkraftanlegg - trong for regionale planar**

**VEDTAK:**

Vestlandsrådet meiner at regionale planar skal leggast til grunn for konsesjonsbehandling av vindkraftutbygging der ein finn det føremålstenleg.

**SAK 0024/05**

**St.meld. nr. 16 (2004 - 2005) - Leve med kulturminner - Uttale**

**VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet ser positivt på at ein no legg opp til ein heilskapleg kulturminnepolitikk.
2. Vestlandsrådet meiner det er viktig at det regionale nivået i framtida får eit meir samla og heilskapleg ansvar – politisk, fagleg og ressursmessig – for kulturminnevernet, innanfor nasjonale mål og rammer.
3. For å få til ei god og heilskapleg forvalting av kulturminna, må det tilførast meir midlar og gjevast større handlingsrom på lokalt og regionalt nivå. Målet må m.a. vere å få til meir formidling enn vi i dag har rom for.
4. Vestlandsrådet vil delta i eit eventuelt høyringsmøte om St. meld nr. 16.

## **SAK 0025/05**

### **Vestlandsforsøket - årsrapport 2004**

#### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Vestlandsrådet tek årsrapport 2004 for Vestlandsforsøket til orientering.

#### **Avnøysting:**

Framlegg til vedtak frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **Representantane frå Møre og Romsdal deltok ikkje i avnøystinga.**

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Vestlandsrådet tek årsrapport 2004 for Vestlandsforsøket til orientering.

## **SAK 0026/05**

### **Nasjonal transportplan 2006-2011 - Handlingsprogrammet**

#### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Vestlandsrådet støttar Kystverket si prioritering av tiltak innan beredskapsarbeid mot akutt forureining, betra tryggleik og framkomme samt vedlikehald for å unngå forringing av eksisterande infrastruktur. Vestlandsrådet etterlyser eit sterkare fokus på sjøtransporten si rolle i det samla transportnettverket, og då særleg på hamnestrukturen. Løyvingane til sikring av farleiene er små, og vi ser at viktige tiltak ligg langt framme i tid. Av konkrete tiltak vil vi peike på:
  - Fiskerihamn Storebø i Austevoll kommune
  - Ny innseglingslei til Bergen
  - Stad skipstunnel
  - Bølgevarslingssystem på "Utasundruta" rute 32

Vestlandsrådet viser også til handsaminga av saka i dei einskilde fylkeskommunane.

2. Vestlandsrådet sluttar seg til det framlagde handlingsprogrammet frå Jernbaneverket og tilarval av alternativ 2 som investeringsmønster, dvs investere mykje i første periode. Vestlandsrådet vil vidare oppfordre Jernbaneverket til å ha fokus på å gje alle grupper tilgjenge gjennom universell utforming i heile reisekjeda. Når det gjeld konkrete tiltak /investeringar viser Vestlandsrådet til det einskilde fylke sine uttaler.

3. Vestlandsrådet viser til eiga sak om Vest39 Kyststamvegen når det gjeld E 39. Vestlandsrådet føreset at Statens vegvesen set i gang eit langsigkt arbeid for å finne løysingar for aust-vest-sambandet E 134. Det er svært uheldig at det ikkje ligg inne midlar på dette viktige prosjektet i perioden 2006-2015.
  
4. I samsvar med vedtak i 4.mars meiner Vestlandsrådet at dei komande anbodsprosessane for ferjesektoren ikkje må føre til ein reduksjon i standard på ferjemateriell, opningstid og frekvens.
  
5. Vestlandsrådet konstaterer at ordninga med ferjeavløysingsmidlar ikkje fungerer etter hensikten på lågtrafikkerte samband. Vestlandsrådet meiner difor at Vestlandsrådet må arbeide aktivt overfor sentrale styresmakter for å få til endringar, slik at denne ordninga kan nyttast for prosjekt i distrikta som har eit for lite trafikkgrunnlag til å etablere ei bompengefinansiering.
  
6. Statens vegvesen har utarbeidd eit notat om dei vegane som krysser fylkesgrensene eller på annan måte har ein landsdelsfunksjon. I "Vestlandsforsøket" har ein høve til å omdisponere midlar mellom fylka dersom det er tenleg. Notatet er eit greitt utgangspunkt for å vurdere dette. I "Vestlandsforsøket" vil ein ikkje gjøre omprioriteringar mellom fylka. Når det gjeld prioriteringar innanfor dei fylkesfordelte rammene viser ein til handsamingane i fylkeskommunane.

**Endringsframlegg:**

**Representanten Tor Bremer sette fram slikt framlegg til vedtak:**

"

Nytt punkt 1.

Vestlandsrådet vil påpeike at vegsektoren må tilførast meir midlar for å få ei betring av framkommeleghet, ikkje minst i område som har eit konkurranseutsett næringsliv. Likeeins er det avgjerande at post 31 – rassikring – vert auka i tråd med kravet frå nasjonal rassikringsgruppe.

Nytt punkt 2 i staden punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

2. Vestlandsrådet støttar Kystverket si prioritering av tiltak innan beredskapsarbeid mot akutt forureining, betra tryggleik og framkomme samt vedlikehald for å unngå forringing av eksisterande infrastruktur. Vestlandsrådet etterlyser eit sterkare fokus på sjøtransporten si rolle i det samla transportnettverket, og då særleg på hamnestrukturen. Løyvingane til sikring av farleiene er små, og vi ser at viktige tiltak ligg langt framme i tid. Stad skipstunnel må definerast og finansierast som eit nasjonalt prosjekt. Vestlandsrådet ber om å få innsyn og høve til å delta i arbeidet med Stad skipstunnel og forventar at Kystverket legg opp til ei god framdrift for prosjektet.

I punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vert dei to siste setningane strokne.

Nytt punkt 4:

4. Vestlandsrådet er positiv til at det vert utarbeidd prioriteringsnøklar for rassikringsråpskelt-Vestlandsrådet ser ikkje dess som endeleg utforma og føreset at desse vert utvikla vidare for å sikre best mogeleg grunnlag for prioritering.”

**Avnøysting:**

**Framlegget frå representanten Tor Bremer vart samrøystes vedteke.**

**Endringsframlegg:**

**Representanten Eirin Sund sette fram slikt framlegg som tillegg til nytt punkt 1:**

”Vestlandsrådet føreset at Stortinget minst fyller opp sine eigne vedtak jfr. NTP 2006 – 2015 i dei årlege budsjettvedtaka.

**Avnøysting:**

**Framlegg frå representanten Eirin Sund vart samrøystes vedteke.**

**Endringsframlegg:**

**Representantane Rolf Bergmann og Jan Magne Dahle sette fram slikt framlegg som vedtak til punkt 4 i staden for punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:**

” I samsvar med vedtak i 4.mars meiner Vestlandsrådet at dei komande anbodsprosessane for ferjesektoren må føre til ei betring i standard på ferjemateriell, opningstid og frekvens når effektivisering fører til innsparingar. Vestlandsrådet ber om at ein spesielt tar omsyn til dei funksjonshemma sine behov. (universell utforming)

**Avnøysting:**

**Framlegget frå representantane Rolf Bergmann og Jan Magne Dahle vart samrøystes vedteke.**

**Endringsframlegg:**

**Representanten Rolf Bergmann sette fram slikt framlegg til vedtak til punkt 5 i staden for punkt 5 i tilrådinga frå fylkesrådmann:**

- ”5. Vestlandsrådet konstaterer at ordninga med ferjeavløysingsmidlar ikkje fungerer etter hensikten på lågtrafikkerte samband. Vestlandsrådet meiner difor at Vestlandsrådet må arbeide aktivt overfor sentrale styresmakter for å få til endringar, slik at denne ordninga kan nyttast for prosjekt i distrikta som har eit for lite trafikkgrunnlag.

**Avnøysting:**

Det vart røysta alternativt over framlegget frå representanten Rolf Bergmann og tilrådinga til fylkesrådmann til punkt 5.

Representantane Rolf Bergmann, Solveig Horne Kolnes og Mette Holmefjord Olsen røysta for framlegget frå Rolf Bergmann.

Representantane Roald Bergsaker, Eirin Sund, Klara Tveit, Olav Bratland, Torill Melheim Strand, Jan Magne Dahle, Ragnhild Aarflot Kalland, Nils R. Sandal, Tor Bremer, Hilde Kvamsås Aa, Liv Henjum, Erling Sande og Joril Christensen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Punkta 1-4 og punkt 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som kjem fram i avrøystingane ovanfor vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet vil påpeike at vegsektoren må tilførast meir midlar for å få ei betring av framkommelegheit, ikkje minst i område som har eit konkurranseutsett næringsliv. Likeeins er det avgjerande at post 31 – rassikring – vert auka i tråd med kravet frå nasjonal rassikringsgruppe.  
Vestlandsrådet føreset at Stortinget minst fyller opp sine eigne vedtak jfr. NTP 2006 – 2015 i dei årlege budsjettvedtaka.
2. Vestlandsrådet støttar Kystverket si prioritering av tiltak innan beredskapsarbeid mot akutt forureining, betra tryggleik og framkomme samt vedlikehald for å unngå forringing av eksisterande infrastruktur. Vestlandsrådet etterlyser eit sterkare fokus på sjøtransporten si rolle i det samla transportnettverket, og då særleg på hamnestrukturen. Løyvingane til sikring av farleiene er små, og vi ser at viktige tiltak ligg langt framme i tid. Stad skipstunnel må definerast og finansierast som eit nasjonalt prosjekt. Vestlandsrådet ber om å få innsyn og høve til å delta i arbeidet med Stadt skipstunnel og forventar at Kystverket legg opp til ei god framdrift for prosjektet.
3. Vestlandsrådet sluttar seg til det framlagde handlingsprogrammet frå Jernbaneverket og tilråval av alternativ 2 som investeringsmønster, dvs investere mykje i første periode.  
Vestlandsrådet vil vidare oppfordre Jernbaneverket til å ha fokus på å gje alle grupper tilgjenge gjennom universell utforming i heile reisekjeda. Når det gjeld konkrete tiltak /investeringar viser Vestlandsrådet til det einskilde fylke sine uttaler.
4. Vestlandsrådet er positiv til at det vert utarbeidd prioriteringssnøklar for rassikringsråpskelt-  
Vestlandsrådet ser ikkje dess som endeleg utforma og føreset at desse vert utvikla vidare for å sikre best mogeleg grunnlag for prioritering.
5. Vestlandsrådet viser til eiga sak om Vest39 Kyststamvegen når det gjeld E 39.
6. I samsvar med vedtak i 4.mars meiner Vestlandsrådet at dei komande anbodsprosessane for ferjesektoren må føre til ei betring i standar på ferjemateriell, opningstid og frekvens når effektivisering fører til innsparingar. Vestlandsrådet ber om at ein spesielt tar omsyn til dei funksjonshemma sine behov. (universell utforming)
7. Vestlandsrådet konstaterer at ordninga med ferjeavløysingsmidlar ikkje fungerer etter hensikten på lågtrafikkerte samband. Vestlandsrådet meiner difor at Vestlandsrådet må arbeide aktivt overfor sentrale styresmakter for å få til endringar, slik at denne ordninga kan

nyttast for prosjekt i distrikta som har eit for lite trafikkgrunnlag til å etablere ei bompengefinansiering.

8. Statens vegvesen har utarbeidd eit notat om dei vegane som krysser fylkesgrensene eller på annan måte har ein landsdelsfunksjon. I "Vestlandsforsøket" har ein høve til å omdisponere midlar mellom fylka dersom det er tenleg. Notatet er eit greitt utgangspunkt for å vurdere dette. I "Vestlandsforsøket" vil ein ikkje gjøre omprioriteringar mellom fylka. Når det gjeld prioriteringar innanfor dei fylkesfordelte rammene viser ein til handsamingane i fylkeskommunane.

**SAK 0027/05**

**Revidert Vest 39 - Samla finansiering- og utbyggingsplan for E39  
Kyststamvegen. Ny handsaming i Vestlandsrådet 22.april**

**VEDTAK:**

Vestlandsrådet viser til vedtaket som dei gjorde i møte 14.mars i sak 21/05 "Revidert Vest 39 - Samla finansierings- og utbyggingsplan for E 39 Kyststamvegen" og viser elles til handsaminga av saka i det enkelte fylkesting.